FoodFirst Information and Action Network

# Årsmelding 2006

FIAN Noreg
– for retten til å brødfø seg sjølv



# Takk

FIAN Noreg vil retta ein varm takk til dei mange aktive medlemene og støttespelarane våre, både for arbeidsinnsats og gåver.

FIAN Noreg takkar også FIAN Uttar Pradesh i India for eit godt og frukbart samarbeid for retten til mat i Uttar Pradesh, og ikkje minst takkar me det internasjonale sekretariatet og styret i FIAN International for godt samarbeid i året som gjekk.

Takk også til Norad for økonomiske stønad til prosjekt- og informasjonsarbeid, og til Forum for Utvikling og Miljø, NGO-forum for menneskerettigheter og til Utanriksdepartementet for reisestønad til ulike konferansar.

# Innhald

Takk.....2
Innhald.....2
I strid for menneskerettar i 20 år.....3
Kampanjar i 2006.....5
- Tema: Brot på retten til mat i India.....5
- Tema: Tilgang til produktive ressursar.....5
- Tema: Tilleggsprotokoll til konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar.....6
- Tema: Retten til mat i norsk bistand.....6
- Tema: Brevkampanjar.....6

Organisasjonen.....7
- Lokalgrupper.....7
- Informasjonsarbeid og internasjonalt press.....10
- Samarbeid i nettverk.....12

FIAN Noreg / FIAN Norway
FoodFirst Information and Action Network
c/o IKF
Grensen 9a , NO-0159 OSLO
Telefon +47 22 42 32 11
www.fian.no
post@fian.no
NO 982465990
Konto: 0530.30.01443

Årsmeldinga er godkjent av styret i FIAN Noreg 27. februar 2007.
Foto av Trond Sæbø Skarpeteig, Astrid Solgaard, Thore Anton Bredeveien,
Mohan Dhanotharan, Kristin Goa og Kristin Kjæret

# I strid for menneskerettar i 20 år

FoodFirst Information and Action Network (FIAN) feira 20 år i 2006. FIAN har vokse seg til ein sterk organisasjon med over 3500 medlemer i fleire enn 60 land. Innsatsen til FIAN-aktivistar har stogga menneskerettsbrot verda over, men utfordringane held fram med å vera store.

Kva har FIAN fått til desse 20 åra? På den eine sida har me intervenert i 400 ulike saker der retten til mat har vorte broten. På den andre sida har FIAN engasjert seg både i å styrka eksisterande juridiske instrument for retten til mat, og i å fremja nye. Erfaringa vår med arbeid mot konkrete menneskerettsbrot har me brukt for å påverka styresmakter sin politikk og etableringa av nye menneskerettsstandardar internasjonalt.

For det tredje er det stor etterspurnad eller skulering og utdanning i menneskerettar frå FIAN. Gjennom desse aktivitetane har FIAN bidratt til at økonomiske, sosiale og kulturelle menneskerettar er mykje brukte omgrep i dag.

Men talet på menneske som svelt held fram med å auka. Berre ein tidel av desse er offer for katastrofar. For dei fleste er det strukturelle, menneskeskapte årsaker til at dei har kronisk mangel på mat. Dei blir hindra i å brødfø seg sjølv.

FIAN arbeider for at retten til mat skal innførast i land etter land. Vårt bidrag er å ta del med forslag, med internasjonalt press og med verktøy som kan realisera retten til mat i både rike og fattige land.

FIAN Noreg har gjennomført ei rekkje kampanjar i Noreg i 2006. Viktigast har vore kampanjen for å få brot på retten til mat i India på dagsorden i Noreg. FIAN har foreslått ei rekke tiltak til norske politikarar og byråkrati for å få fokus på svolt i India. FIAN Noreg og FIAN Uttar Pradesh (UP) samarbeider nært om fleire saker der retten til mat er broten.

For det andre har FIAN Noreg drive påverknadsarbeid mot norsk utanrikspolitikk for å auka fokus på behovet for omfattende landbruksreform. Tilgang til produktive ressursar (som td. jord) for småbønder og jordlause som ikkje kan livnære seg er høgt prioritert for FIAN.

For det tredje har FIAN arbeidd i Noreg og internasjonalt for å få etablert ein internasjonal individuell klagemekanisme brot på økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. I dag kan offer for tortur eller folk som har mista ytringsfridomen sin klaga til FN. Men om du blir tvangsflytt eller ikkje har tilgang til mat har du ikkje det same høvet til å klaga. FIAN Noreg har oppfordra norske styresmakter om å arbeida aktivt for å få på plass ein avtale.

For det fjerde har FIAN Noreg arbeidd for meir fokus på retten til mat i norsk bistand. Målet vårt er at all norsk bistand er forankra i menneskerettane. FIAN har følgt opp dette gjennom møte med berørte departement.



Informasjonsarbeidet vårt er omfattande, og inkluderer både magasinet *Sulten på rettferdighet*, informasjonsheftet *Rettferdighetens Tandoori*, medlemsbladet *Mat & Rett,* heimesidene, kunststand med målaren Astrid Solgaard og ulike føredrag, studie- og debattmøte. Me har stått på stands og samla inn underskrifter frå Tromsø i nord til Kristiansand i sør.

FIAN hadde 141 betalande medlemer og 5 aktive lokalgrupper i 2006. Tilsvarande medlemstal for 2004 var 144 og 150 for 2005. Det vart registrert 18 nye medlemer. Lokalgruppene har følgt opp konkrete menneskerettsbrot mellom anna i India, gjennom brevskriving til indiske styresmakter og gjennom informasjonsarbeid i Noreg.

I tillegg har FIAN aktive arbeidsgrupper som tar seg av påverknadsarbeid og informasjonsarbeid. Kontoret har i 2006 vore styrka med friviljug innsats.

FIAN Noreg sitt årsmøte i 2006 fann stad 2. april i Grensen 9 A i Oslo. Årsmøtet valde følgjande styre:

Trond Sæbø Skarpeteig (leiar), Siri Damman (politisk nestleiar), Winfried Deijmann (organisatorisk nestleiar), Ingrid Folvik (økonomiansvarleg), Thore Anton Bredeveien og Veslemøy Ask (styremedlemer). Nima Rao, Eva Jacobsen og Lillian Eriksen vart valde som varafolk.

Dagleg leiar i FIAN Noreg er Kristin Kjæret. Valnemnd for 2006/7 har vore Cecilie Haare og Klaus Stafto. Revisor for FIAN Noreg har vore Revisjonsfirmaet Steinar Gundersen AS.

30. mars 2007



# Kampanjar i 2006

## TEMA: Brot på retten til mat i India

India er det landet i verda der flest menneske svelt. Dette trass i at landet har ressursar til å brødfø alle. I 2006 har FIAN Noreg arbeidd målretta for å få norsk styresmakter og organisasjonar til å fokusera på dette problemet. FIAN har arbeidd for realisering av retten til mat i India gjennom auka politisk press, både internasjonalt og i India.

Målsetnader:

- Påverka norske styresmakters politikk ovanfor India.
- Påverka den norske opinionen gjennom India-kampanje.
- Påverka indiske styresmakter gjennom samarbeidsprosjektet med FIAN Uttar Pradesh (UP).

FIAN Noreg har foreslått ei rekke tiltak til norske politikarar og byråkrati for å få fokus på svolt i India. Noreg må få til ein stat til stat-dialog med India om menneskerettar. I tillegg må både Noreg og India følgja opp løftene sine frå 2004 frå FAOs retningsliner for realiseringa av retten til mat, der eit hovudfokus er tilgang til produktive ressursar for menneske som svelt.

FIAN Noreg og FIAN UP samarbeider nært om fleire saker der retten til mat er broten. Samarbeidet vårt med FIAN UP tar utgangspunkt i dokumenterte menneskerettsbrot i delstaten. FIAN stør offer for slike menneskerettsbrot gjennom å halda styresmaktene ansvarlege for uretten. FIAN UP har innpass mellom politikarar og byråkratar, slik at sakene blir gjort kjende ovanfor styresmaktene. FIAN har også god gjennomslagskraft i media, slik at dei kan utøve politisk press. I fleire av sakene me arbeider med har det skjedd positive endringar.

I november reiste ein delegasjon på tre personar frå FIAN Noreg til India og Uttar Pradesh. Hovudpunktet på reisa var ei offentleg høyring den 4. desember i Lucknow. Møtet fikk brei pressedekning i Uttar Pradesh, men det lukkast oss ikkje å få med nokon norske journalistar.

## TEMA: Tilgang til produktive ressursar

Tilgang til produktive ressursar (som td. jord) for småbønder og jordlause som ikkje kan livnære seg er høgt prioritert for FIAN. Ifølgje FAO's Hunger Task Force er 50% av dei som svelt marginaliserte småbønder og 22% er jordlause arbeidarar. Fleire enn 70% av dei som svelt er altså folk på landsbygda uten tilgang til produktive ressursar.

FIAN sitt overordna mål har vore å arbeid for auka fordeling av jord, og styrka eigedoms- og bruksretten til produktiv jord, samt styrka landbrukssystema (frø, vatn, forsyningar, opplæring, kredittordningar og marknad).

Målsetnader:

- Følgja opp FAOs landbruksreformskonferanse ved auka fokus innan norsk utenrikspolitikk på behovet for omfattende landbruksreform i land der tilgang til naturressursar er skjeiv fordelt.
- Påverka Høgnivåkommisjonen om fattiges eigedoms- og bruksrett, både direkte og gjennom norske styresmakter, og gjennom samarbeid i Forum for Utvikling og Miljø.
- Påverka FIAN International til å engasjere seg i Høgnivåkommisjonens arbeid, og/eller Global Land Tools Network i UN Habitat.

FAOs landbruksreformskonferanse vart halde i mars 2006 i Brasil, og FIAN deltok med folk fra det internasjonale sekretariatet og fleire FIAN seksjonar, m.a. FIAN Noreg. FIAN fekk høve til å delta i komiteen som jobba fram konferansens slutterklæring. Norske styresmakter deltok diverre ikkje. FIAN Noreg har difor hatt møte med relevante departement både i forkant og etterkant av denne store internasjonale konferansen om landbruksreform. Konferansen var viktig av di temaet jordreform for første gong sidan 1970-talet har blitt løfta i FN.

I samarbeid med Forum for Utvikling og Miljø si temagruppe for matsikkerhet utarbeidde FIAN Noreg eit hefte om landbruksreformar som vart brukt under Globaliseringskonferansen.

Saman med La Via Campesina, ein internasjonal småbondeorganisasjon, har FIAN sida 1999 drive ein global kampanje for landbruksreform.

FN sine tusenårsmål er eitt av mange forsøk på å auka innsatsen for å redusera fattigdom.
13. september 2005 vart *Høgnivåkommisjonen for styrking av bruks- og eigedomsrettar for fattige* presentert på FNs Generalforsamling. Den norske regjeringa er ein av initiativtakarane til kommisjonen.

Kommisjonen har blitt kritisert for å vera ein ovanifrå-og-ned-prosess. Den omstridde økonomen Hernando de Soto og Madeleine Albright leiar kommisjonen. De Soto er ein sterk forsvarar av neoliberalisme og privatisering. FIAN Noreg har arbeidd mykje saman med andre norske og internasjonale organisasjonar for å påverka grunnlaget for og samansettinga av kommisjonen. I 2006 har FIAN delteke aktivt i temagruppa for landrettar i Forum for Utvikling og Miljø som søkjer å påverka arbeidet til Høgnivåkommisjonen for formalisering. Her er tilgang til jord eit av dei viktigaste emna.

FIAN ser det som positivt at det blir meir fokus på eigedomsrett. Kommisjonen er i dag splitta mellom dei som ønskjer neoliberalistiske og meir tekniske løysingar på eigedomskonfliktar, og dei som fokuserar meir på menneskerettane, m.a. tidlegare Høgkommisjonær i FN Mary Robinson. FIAN er kritiske til neoliberalistiske løysingar som m.a. ikkje tek innover seg dei ulike maktstrukturane lokalt. Vi er samstundes positive til at kommisjonen har personar som fremhevar kompleksiteten i formaliseringsspørsmål og fokuserar på menneskeretts instumentane.

## TEMA: Tilleggsprotokoll til konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (Optional Protocol)

I dag kan offer for tortur eller folk som har mista ytringsfridomen sin klaga til FN. Men om du blir tvangsflytt eller ikkje har tilgang til mat har du ikkje det same høvet til å klaga. I fem av sju internasjonale konvensjonar finst det i dag internasjonale klagemekanismar. Berre Barnekonvensjonen og konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar mangler dette.

FIAN sitt overordna mål har vore å arbeida for at FNs Menneskerettsråd skal vedta ein tilleggsprotokoll som opnar for ein internasjonal klagemekanisme.

Målsetnader:

- Den norske stat må spela ei aktiv rolla internasjonalt med å fremja ein slik protokoll.
- Få fleire norske organisasjonar, spesielt dei som er med i NGO-forum for menneskerettar, til å engasjera seg i dette arbeidet.

FIAN Noreg si lobbyguppe har i samband med arbeidet med tilleggsprotokollen informert andre norske organisasjonar og hatt samtalar med UD. FIAN har støtte frå NGO-forum for menneskerettar i dette arbeidet. FIAN Noreg har oppfordra norske styresmakter om å arbeida aktivt for å få på plass ein avtale.

Noreg støtta ein resolusjon i Menneskerettsrådet sommaren 2006 som seier at ein no skal laga eit først utkast til ein klagemekanisme. Noreg spelar ei aktiv rolle, men ønskjer å avgrensa kva FN kan meine om norsk politikk. FIAN meiner at Noreg må ha tillit til at FNs kommitear tolker internasjonalt lovtekstar på fornuftig vis.

## TEMA: Retten til mat i norsk bistand

Utvide og følgja opp arbeidet frå 2005 om Noregs utanomterritoriell menneskerettsplikter (Extraterritorial obligations). Då utenomterritorielle MR-plikter enno er svært omdiskuterte, velgjer me å ha eit større fokus på Noregs plikter når det gjeld dei nylig vedtekne FAO retningsliner om retten til mat. FIAN Noregs overordna mål er at all norsk bistand er forankra i menneskerettane.

Målsetnader:

- Dialog med Norad og UD om kvalitetssikring av bistandsprosjekt slik at desse ikkje fører til brot på retten til mat og vatn.
- Analysera eit utval stat-til-stat prosjekt i lys av retten til mat og vatn.
- Auka interessa og kunnskapen om menneskerettsbasert bistand i andre organisasjonar.

FIAN har følgt opp rapporten me leverte til FN i 2005 gjennom møte med berørte departement. Utanriksdepartementet har gjort greie for at dei ønskjer å rapportera i meir detalj om norsk bistand i 2010 når Noreg på ny skal rapportera til FNs komitee som overvåkar konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar.

Matsikkerhetsgruppa i Forum for Utvikling og Miljø jobbar fram ein rapport om bistand til landbruk, som blir ferdig i 2007. FIAN Noreg skriv utkastet til denne rapporten.

## TEMA: Brevkampanjar

Brevaksjonane er ein av FIAN sine mest sentrale aksjonsformer, og desse blir sende ut til medlemene våre.

I 2006 har FIAN International sendt ut 22 brevkampanjar der 7 var om landbruksreform. Det er sendt ut 43 brev frå *Human Rights Director* Rolf Künnemann i FIAN International. FIAN Noreg har sendt fire brevaksjonar til alle medlemene og 12 til eit utval medlemer som ønskjer å vera serleg aktive. I tillegg har me delt ut ei rekkje brevaksjonar når me har stått på stands ved universitet og andre lærestader.

FIAN Noreg har hatt tre større underskriftskampanjar i 2006. Vi har klart å inspirera folk til handling og har samla inn fleire enn 2000 underskrifter i løpet av året. Vår røynsle er at mange ønskjer å delta på underskriftskampanjar for å støtta fattige sin strid for retten til mat. Spesielt får me auka merksemd når me er attraktive å sjå på – eit nyfike publikum gjev oss tid til å formidla bodskapen vår. Me meiner at kombinasjonen kunst og politisk handling er den viktigaste grunnen til at me greier å samla inn så mange underskrifter. Underskriftskampanjane synleggjer korleis retten til mat blir broten. Dei set også fokus på at svolt er eit menneskerettsbrot.

To av kampanjane i haust har fokusert på tilgang til jord for urfolk og jordlause. Den eine saka handlar om indianarane sin strid mot Aracruz Celulose i Brasil. Kravet vårt er at norske styresmakter må bruka rolla si som aksjonær i Aracruz Celulose i Brasil til å påverka selskapet til å gje landområde attende til indianarar. Eller så må dei trekkja seg ut av selskapet. Den andre saka handlar om leilendingar/husmenn sin kamp om for å eiga jorda dei dyrkar på Filippinane. Denne saka går inn i ei rekkje saker med krav om landbruksreform på Filippinane.

Den tredje kampanjen har fokusert på svolt i India. Underskriftane er samla inn til støtte for kvinner i uformell sektor, som mottek løn langt under Indias minstelønssatser. I alle dei tre sakene har dei marginaliserte loven på si side. Kravet vårt er minstelønn til kvinner i uformell sektor, og dette vart overrakt Guvernøren i Uttar Pradesh av FIAN Uttar Pradesh i samband med den internasjonale kvinnedagen i 2007. Denne kampanjen fekk stønad av ein internasjonal FIAN-brevaksjon med dei same krava i mars 2007.

## Organisasjonen

Som internasjonal menneskerettsorganisasjon har FIAN ei rekkje arbeidsverktøy for å fremja rettane til offer for menneskerettsbrot. Dei viktigaste er *internasjonalt press*, *informasjonsarbeid/menneskerettsopplæring* og *advocacy/påverknadsarbeid* på vegner av målgruppa.

FIAN er avhengig av ein sterkare organisasjon og eit sterkt og profesjonelt sekretariat for å vera ein effektiv aktør. FIAN Noreg sitt overordna mål har vore å styrka FIAN Noreg som medlemsorganisasjon og politisk aktør.

Målsetnader:

- Auka medlemstalet med 50, og styrka krafta i påverknadsarbeidet vårt gjennom auka press når me intervenerer.
- Lokalgruppene er handlingskraftige og lærerike å vera med i for aktive medlemer.
- FIAN har sikre inntekter frå ulike kjelder, både offentlege og private institusjonar, og privatpersonar.

### Lokalgrupper

Lokalgruppene i FIAN er sentrale i det internasjonale pressarbeidet. FIAN Noreg har hatt fem aktive lokalgrupper i 2006. Våre lokalgrupper jobbar med 6 saker der retten til mat er truga/broten i India og Brasil.

*FIAN Terra*

FIAN Terra held til i Oslo og starta opp i 2003. Medlemer i gruppa er Gunvald Steen, Thore Anton Bredeveien og Stine Olsson. Gruppa følgjer to saker i India, ei i Kerala og ei i Uttar Pradesh. Begge sakene dreier seg om at retten til mat er truga som ein følgje av manglande omfordeling av jord.

Innbyggjarar i tre av dei fem landsbyene gruppa følgjer i Chitrakoot fekk tilgang til jord i 2006! Dette er rett og slett ei fantastisk utvikling i ei vanskeleg sak. I 2005 var situasjonen i Chitrakoot for spent til at FIAN kunne besøka staden. Gruppa har sendt et brev til myndighetene, og har møttes annenhver måned. Gruppas kontakt med FIAN IS og FIAN Norge har vært god, mens kontakten med FIAN UP dessverre har vært mangelfull.

FIAN Terras andre sak, som dreier seg om manglende tilgang på jord for adivasier i Kerala, har vist seg

vanskelig å komme videre med. Det mangler oppdatert informasjon og en kontaktperson som kan formidle nytt om saken. Imidlertid har studenter fra høgskolen i Oslo og universitetet i Oslo vist interesse for saken og gruppa har vært i møter med disse for gjensidig utveksling av informasjon. Det kan være aktuelt å sende saken tilbake til FIAN International dersom det ikke skjer noe nytt i saken.

*FIAN Blindern*

FIAN Blindern held til i Oslo, starta opp i 2002. Medlemer i gruppa er Eva Jacobsen, Hans Petter Hetland, Kine Uran og Jostein Øde. Dei har jobba med indianarars krav til eit landområde som i dag brukas av Aracruz Celulose (se meir om saka overfor). Gruppa har skrevet om denne saka i *Sulten på rettferdighet*. 350 postkort vart sent brasilianske myndigheiter i i september 2006 og eit maleri med ca. 700 underskrifter vil bli overrekt Finansminister Kristin Halvorsen våren 2007.

*FIAN Byråkrat*

FIAN Byråkrat held til i Oslo og starta i 2004. Medlemer i gruppa er Siri Damman, Kristin Goa, Kristin Kjæret og Torgun Næss. Gruppa jobbar med ein jordtvist i delstaten Uttaranchal i India. Kristin Goa og Kristin Kjæret har besøkt saka årleg sidan 2004. Jordtvisten utvikla seg positiv fram mot nyåret 2006, men i 2006 har gruppa registrert aukande konflikt om området, m.a. på grunn av ynskjet frå staten om å satsa på industri heller enn på jordbruk.


FIAN

Justice for the villagers of Ambedkar Nagar

Informasjonsskriv om jordtvistsak i India.
Laget av FIAN Byråkrat.



Indianere frå Brasil som krev at Noreg brukar si eigarmakt i Aracruz Celulose slik at dei igjen får tilgang til jorda si.

FIANs internasjonale press har bidratt til at staten eksproprierte jorda til dei berørte dalitene. No står overleveringa til dei rettmessige jordeigarane att.
I 2006 har gruppa difor skrive to brev til berørte styresmakter. Det siste brevet inkluderte eit firesiders informasjonsskriv om saka, med biletdokumentasjon utarbeidd av lokalgruppa. Dette vart også distribuert gjennom FIAN Uttar Pradesh sitt nettverk, og har også blitt brukt av FIAN IS som døme på korleis FIAN jobbar.
Gruppa har også forsøkt å gjera saka kjent gjennom norsk presse, gjennom lesarinnlegg til Dagsavisen. Dette kom diverre ikkje på trykk. Saka er gjort kjent i Forum for Utvikling og Miljø si temagruppe om landrettar, då saka tydeleg illustrerer behovet for rettstryggleik knytta til jordspørsmål.

Gruppa har dette året hatt eit godt samarbeid med FIAN UP og FIAN IS. FIAN UP har hatt fleire møte med indiske styresmakter og andre partar, og spesielt vil me trekkja fram møtet med Sonia Gandhi.

*FIAN Minsteløn*

FIAN Minsteløn held til i Oslo og starta i 2004. Medlemer er Cecilie Haare, Veslemøy Ask, Nima Rao og Marianne Wilhelmsen. Gruppa har arbeidd for å innføra minsteløn til kvinnelege Chikan Kari arbeidarar i Lucknow, Uttar Pradesh. Kvinnene, som er underbetalte, lever av eit handarbeid som går ut på å brodera mønster på klede.

FIAN Minstelønn nytta markeringane på kvinnedagen 8. mars og arbeidernes dag 1. mai til å dela ut flygeblad i Oslo sentrum. Flygeblada var med illustrasjonar malte av Astrid Solgaard, foto av Cecilie Haare, utforming av Siri Salkjelsvik og tekst av gruppa elles. Teksten vart i



Nima Rao fra FIAN Minstelønn foran underskriftskampanje til støtte for kvinner i uformell sektor i India.

tillegg omsett til hindi i Uttar Pradesh og delt ut på dei tilsvarande markeringane i Lucknow. I bilete og ord vert Chikan Kari-arbeidarane sin situasjon presentert i flygebladet, og både indiske styresmakter og den indiske ambassaden i Noreg har motteke det.

Flygebladet vart også delt ut på Globaliseringskonfera nsen og Verdas matdag hausten 2006, samt ved andre stand som FIAN har hatt. Her vart det også samla inn underskrifter – på bønner – og limt på eit maleri som viser ei indisk kvinne. Dette maleriet som Astrid Solgaard har laga, er levert til FIAN Uttar Pradesh og vil bli gjeve til guvernøren i delstaten i samband med markeringar 8. mars i 2007.

FIAN Minstelønn har og sendt brev til indiske styresmakter, mellom anna til arbeidsministeren i Uttar Pradesh, med krav om å innfri retten til minstelønn for Chikan Kari-kvinnene. FIAN foreslår eit stykkprissystem for arbeidet, samtidig som det må nemnast opp ein arbeidsinspektør (helst ei kvinne) for desse kvinnene i uformell sektor.

Gruppa var også representert ved Nima Rao på lokalgruppesamlinga i september 2006.

*FIAN Filip*

FIAN Filip vart etabert i 2006 og medlemer i gruppa er Astrid Solgaard og Kristin Kjæret. Gruppa ønskjer å jobba med landbruksreformsspørsmål på Filippinane. Gruppa har enno ikkje ansvaret for ei konkret sak på Filippinene.

Medlemene i gruppa har sidan 2003 følgd opp ei sak i Luzon provinsen på Filippinane. Leilendingar som haustar kokosnøtter har søkt om å bli inkludert i lan dbruksreformprogrammet som vart politisk vedtatt i 1988. Dei er ei av målgruppene for dette programmet. Som svar på søknaden blir dei trakkaserte av både storgodseigarane og av marxist-militiaen. I landsbyen San Vicente på Bondoc halvøya er 4 personar drepne som ei følgje av dette.

Det store maleriet og diktet som FIAN Noreg har brukt på stands sidan 2004 handler om Tejino Discoro, ein av kokosbøndene som har bede om å få eiga jorda han dyrkar i San Vicente. Dette er laga av Astrid



Tejino Discoro Jr. fra Filippinene kjemper for å eige si eiga jord.

Solgaard. Kristin Kjæret har skrive om han i Sulten på Rettferdighet i 2006.

I 2006 hadde FIAN ein postkortaksjon som ein reaksjon på at Ka Eric Cabanit vart myrda. Me samlet inn omlag 250 underskrifter som er sendt til FIAN Filippinane. Ka Eric hadde i lang tid kjempa for landbruksreformar på Filippinane. Han var sjølv leilending på ein av dei store kommersielle gardane i Davao. Ka Eric sat i styret til FIAN Filippinane og han er djupt sakna.

Kristin Kjæret deltok på ein Fact Finding Mission i juni 2006 på Filippinane på vegner av FIAN International. FIAN Noreg har besøkt Noregs ambassade i Manila og vore i kontakt med Utanriksdepartementet for å orientera om landbruksre formsproblematikken på Filippinane.

Lokalgruppa FIAN *Manna* vart lagt ned i 2006 av di saka er løyst.

## Informasjonsarbeid og internasjonalt press

FIAN Noreg har gjennomført ca. 20 standsdagar, syv seminar, tre høg- og folkehøgskolebesøk og delteke på ein debatt i 2006. Til desse aktivitetene har me utarbeidd standsmateriell som har bestått av to store maleri som blir dekorerte med signerte bønner, me har laga jakkemerke (buttons), hatt to postkortaksjonar, laga bakgrunnsinformasjon om aksjonane og plakater med informasjon om seminar. Informasjon er også lagt ut på www.fian.no. Mange av FIAN Noregs aktivistar har bidratt aktivt til gjennomføringa av aktivitetane, spesielt i samband med Verdas matdag.

Me har også nytta det store maleriet som Astrid Solgaard utarbeidde i 2003 og som me brukar som eit augneblikkskunstverk til å leggja ut verdskartet i linser og bønner.

*Stands og seminar på Globaliseringskonferansen*
Globaliseringskonferansen vart halden 19. – 22. oktober på Folkets Hus i Oslo, og er ein felles konferanse for bistands-, miljø-, freds-, men neskerettsorganisasjonar og politiske parti, spesielt ungdomsparti. FIAN Noreg var tilstades under heile Globaliseringskonferansen. Me hadde ein godt synleg stand med deltakande kunstutstilling. Me hadde ansvaret for eller deltok på tre seminarer og ei filmvising. Til vårt seminar om svolt i India hadde me besøk av Ms. Suman som driv eit barnehjem for barn som er sluppen fri frå slavekontraktar.

Det eine maleriet nemnt ovanfor vart laga til konferansen. Me fekk bruka eit stort område slik at maleriet vårt på 6*3 meter med verdskart av linser og bønner samen med Indiakampanje-maleri vårt var godt synleg og gav ei flott ramme for konferansen som heilskap. Astrid Solgaard utarbeidde i tillegg eit tredje maleri som konferansedeltakarane vart inviterte til å dekkja med linser.

1750 personar deltok på konferansen. Totalt samla me inn om lag 400 underskrifter. Det var om lag 160 deltakarar til saman på dei tre seminara og filmframvisinga FIAN Noreg hadde ansvaret for eller deltok på. FIAN markerte seg veldig godt på konferansen. Samarbeidet med Astrid Solgaard om augneblikkskunst og deltaking er populært, og trekkjer mange til FIAN sine stands.




*Magasinet*
Redaksjonskomiteen for magasinet i 2006 var Vibeke Almaas, Klaus Stafto, Margot Igland Skarpeteig og Kristin Kjæret, og bladet vart prenta i juni i eit opplag på 1000.

*Rettferdighetens tandoori*
Kunstnaren Astrid Solgaard har på oppdrag frå FIAN Noreg laga eit nydeleg biletkunsthefte om India. Me dreg saman med Solgaard til menneske i India, og ser korleis FIAN arbeider for retten til å brødfø seg sjølv.

*Vevsidene*
Vevsida fian.no blir oppdaterte jamnleg av Vibeke Almaas og Kristin Kjæret, og inneheld både nyhende og bakgrunnsstoff for alle som er interesserte i emna FIAN arbeider med. I 2006 er mellom anna fleire brevaksjonar omsett til norsk og lagt ut på sida.

*Skuleringsarbeid*
I september inviterte FIAN til eit *arbeidsseminar for lokalgrupper*, med deltakarar frå 4 land.
Sanjay K. Rai frå FIAN Uttar Pradesh og Ashwini Mankame frå FIAN Internasjonalt deltok som ressurspersonar.

*Stands, seminar og føredrag*
FIAN Noreg har vore i kontakt med studentar ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø, Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås, Høgskolen i Oslo og Åsane Folkehøgskole. FIAN Noreg har også vore i kontakt med publikum generelt ved Grønland Basar.

Totalt samlet me inn om lag 2000 underskrifter og om lag 100 personar deltok på eitt av seminara i Bergen, Tromsø, Oslo, Ås og Åsane.

*Verdas Matdag 16. oktober*
FIAN markerer Verdas matdag over heile verda i dagane rundt 16. oktober. FIAN Noreg samla inn eit stort tal underskrifter til støtte for indianarar som ikkje har høve til å brødfø seg sjølv. Det var eit godt organisert arrangement på Grønland basar i Oslo




FIAN aktivister samler inn underskrifter på Verdas matdag. Frå11 venstre: Karin Aanes, Ingrid Folvik, Astrid Solgaard og Åshild Solgaard

*Politisk kunst mot svolt*
Saman med andre aktivistar frå FIAN har kunstnaren Astrid Solgaard reist over heile landet og hatt stand med måleri i 2006. Måleriet vekkjer assosiasjonar til globale fordelingsspørsmål på ein open og inkluderande måte, og er FIAN sitt viktigaste verktøy for å samla stønad for aksjonane våre. Me hadde postkortkampanjar om Ararcruz og om landbruksreform på Filippinane.

## Media
I samband med kronprinsparets besøk til India vart FIANs arbeid kommentert i Aftenposten. Aftenposten har et opplag på ca. 250 000. Aftenposten skreiv 30. oktober: "Kronprinsessen var backpacker i India for 10 år siden, og så nøden og fattigdommen. I går ble hun tatt imot på Mumbais mest fasjonable hotell og velsignet. Sanjay K. Rai, som leder den indiske avdelingen av FIAN (Food First Information and Action Network), frykter at kronprinsparet bare får se et glansbilde av India i den uken de skal være her."

FIAN si deltaking på Globaliseringskonferansen vart omtala i Vårt Land den 23/10-06. Vårt Land har et opplag på ca. 30 000.

Gjennom heile 2006 har FIAN arbeidd aktivt for at urfolk i Brasil skal få attende retten til jord som Lorentzen-selskapet Aracruz Celulose har kontrollert i 40 år. Det har vore ei rekkje oppslag i norske media om Aracruz i 2006:

- Aracruz gjev millioner av kroner i valkampstøtte til brasilianske politikarar.
- Eukaluptus fortrenger småbønder og spreier ein monokultur som utarmar naturen. Problemet er ikkje berre Aracruz, men også finsk-svenske Stora Enso og brasilianske Votorantim.
- Sel Aracruz. Indianarar til Noreg for å protestera mot oljefondet.
- Oljefondet blir værende i Erling Lorentzens selskap Aracruz til tross for klager fra indianere. Svenskekongen trekker seg.
- Kvinneangrep mot Lorentzenfarm

## Seminar og konferansar
Hans Morten Haugen har delteke på debattmøte i *Halvors verden* på Ås. Fatima Albuquerque har halde føredrag for oss om retten til mat i Brasil ved Universitetene i Bergen og i Tromsø. Mari Gakkestad har halde føredrag om svolt i India ved Universitetet i Bergen. Jenny Franco har halde føredrag for oss om landbruksreform på Filippinane ved Universitetet i Oslo.

FIAN Noreg samarbeidde med Fremtiden i Våre Hender om ein delegasjon indianarar på besøk frå Brasil i mai. I august inviterte FIAN til seminar om Aracruz Celulose saman med mange andre organisasjonar.

## Samarbeid i nettverk

FIAN Noreg har vore aktivt med i Forum for Utvikling og Miljø i temagruppa om mattryggleik, og i temagruppa om landrettigheter som følgjer opp Høgnivåkommisjonen for fattiges bruks- og eigedomsrettar (www.forumfor.no).

FIAN Noreg har delteke i NGO-forum for menneskerettar. Saman med fleire andre menneskerett sorganisasjonar oppfordra FIAN norske styresmakter til å jobba aktivt for å fremja ein internasjonal klagemekanisme for brot på økonomiske, sosiale og kulturelle menneskerettar.

## Kva er FIAN?

FIAN er den internasjonale menneskerettsorganisa sjonen som arbeider for retten til mat, eller "retten til å brøfø seg sjølv". FIAN har konsultativt status i Sameinte Nasjonar (FN). Gjennom konkrete handlingar stør FIAN opp om nasjonale og internasjonale kampar for retten til å kunna brødfø seg sjølv. FIAN engasjerer seg der retten til mat vert broten. Det kan til dømes vera når folk vert urettmessig tvangsflytta frå jorda dei lever av, når folk vert nekta tilgang til fiskebankar eller andre ressursar, eller når dei vert betalt mindre enn minsteløn. FIAN driv også opplæring og øving i menneskerettar. Ved å gjera dette, er FIAN med på å styrka dei nasjonal og internasjonale mekanismane som innfører retten til å kunna brødfø seg sjølv. Målet vårt er at retten til mat skal bli fullt ut realisert. For å få til det stør me aktivt menneske sin kamp for mat i alle land i verda og me fremjar retten til mat som ein internasjonal rett.

*Organisasjonen*
FIAN vart skipa i 1986 av menneskerettsaktivistar som meinte at det var viktig å arbeida for innføringa og gjennomføringa av retten til mat som ein menneskerett. Denne menneskeretten er slått fast i Menneskerettserklæringa, og i det internasjonale konventet om økonomiske, sosiale og kulturelle (ØSK) rettar frå 1966, som er ei avtale som er ratifisert av 152 land. At land ratifiserer betyr at dei aksepterer å være bundet av konvensjonen, og å rapportere regelmessig om fremdrift til Kommitteen for ØSK-rettigheter.

FIAN er ein medlemsorganisasjon med medlemer i om lag 60 land og lokale avdelingar i om lag 20 land i tre verdsdelar. Det internasjonale sekretariatet ligg i Heidelberg i Tyskland.

*Målsetnader*
FIAN sitt første mål er å få innført retten til mat på nasjonalt nivå i ulike land. Ved å engasjera oss i konkrete saker får offera for menneskerettsbrot oppreising, og styresmaktene i dei ulike landa vert haldne ansvarlege ovanfor plikta deira til å gjennomføra retten til mat.

FIAN sitt andre mål er å få bygd opp prosessar på internasjonalt nivå som kan betra innføringa av retten til mat i dei einskilde statane. Saman med andre organisasjonar deltek FIAN i skapinga av ein menneskerettskultur der sosiale, økonomiske og kulturelle rettar blir likestilt med politiske og sivile rettar.

*Strategi*
FIAN dokumenterer og offentleggjer overgrep mot retten til å kunna brødfø seg sjølv, og arbeider for å få slutt på slike brot gjennom internasjonale intervensjonar, kampanjar, påverknadsarbeid og skulering i menneskerettar.

*FIAN (FoodFirst Information and Action Network)* er ein sjølvstendig, internasjonal menneskeretts organisasjon som arbeider for å opplysa om og sikra einskiltindividet sin rett til mat. FIAN er sett saman av eit internasjonalt sekretariat og nasjonale underavdelingar, til døms FIAN Noreg med eigne lokale grupper.
*FoodFirst*: Fremjar retten til mat som ein grunnleggjande menneskerett. Retten til mat er nedfelt i SN sin internasjonale konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle menneskerettar.
*Information*: Informerer om at trygg mattilgang er ein menneskerett.
*Action*: Støtter opp om kampen mot brot på matrettar.
*Network*: Er eit nettverk av medlemer, seksjonar og lokalgrupper i meir enn 60 land som arbeider for retten til å brødfø seg sjølv.